



HARDANGER
FARTØYVERNSENTER

HARDANGER MARITIME LEIRSKULE

MATHILDE



INNHALD:

Velkomen til leirskulen	s. 1
2. GENERELL INFORMASJON, ØKONOMI OG REISE	s. 2
Sesong for leirskulen	s. 2
Ankomst- og avgangshamn og lengd på tokta	s. 2
Pris og betaling	s. 2
Depositum	s. 2
Forsikring	s. 2
Reise	s. 3
Rutetelefonar	s. 3
Handikappa, allergikarar m.m.	s. 3
Mobiltelefon, discman o.l.	s. 3
3. PLANLEGGING AV OPPHALDET	s. 4
Førebuing for læraren	s. 4
Klasselæraren sine oppgåver under opphaldet	s. 5
Utstyrliste	s. 6
Om reglane våre	s. 7
Ordensreglar	s. 7
Tryggingsreglar	s. 8
4. LEIRSKULEVEKA	s. 9
Dagsrutinar om bord	s. 9
Arbeidsgrupper for leirskuleopphaldet	s. 10
Fritida/kiosk/telefon	s. 10
Dusjmoglegheit	s. 10
Hyggjekveld	s. 10
Salsartiklar om bord	s. 11
5. OM UNDERVISNINGSSOPPLEGGET	s. 11
Mål for undervisninga	s. 11
Vekeprogram	s. 11
Døme på vekeprogram	s. 12
Litt om dei ulike tema/aktivitetane	s. 12
SLUTTKOMMENTAR	s. 13
PLANSJE OVER MATHILDE SITT DEKKSPLAN	s. 14
IDER TIL FØR – OG ETTERARBEID	s. 15

Til:
Dei føresette
Kontaktlærer

Velkomen til leirskulen.

Hardanger Maritime Leirskule held til ombord i den 73 fot store hardangerjakta Mathilde. Mathilde er bygd i Ølve i 1884, og vart frå 1984 til 1989 restaurert tilbake til slik ho var då ho var ny. Norsk Sjøfartsmuseum har uttalt at skuta er ei av dei best restaurerte skutene i Noreg, og ho ber "Olavsrosa" til Norsk Kulturarv som eit teikn på eit framifrå kulturminne. Restaureringa vart gjort av det som no er Stiftinga Hardanger Fartøyvernssenter. Det er Hardanger Fartøyvernssenter som eig og driv båten. Vår og haust vert båten nytta til leirskule.

På eit leirskuleopphald hjå oss har ver og vind mykje å seia for kva me gjer og kvar me kjem. Men ein ting er sikkert, me vitjar nye stader kvar kveld og nyttar desse lokalitetane i leirskuleopplegget. Det kan vera Rosendal med Baroniet, Stekka med båtbyggjartradisjonar og oppgangssag, Ånuglo med ein unik flora eller fiskeværret Espevær som i seinare tid er mest kjend for UFO-ringen, men som i 1840-åra var eit stort samfunn under vårsildfisket. Då kunne 20-30.000 menneske vera i arbeid her. På tokt til Bergen kan vi leggje turen til for eksempel Lysøen med slottet til Ole Bull, Mosterhavn, Bekkjarvik eller fiskevaeret Kvalvåg heilt ytterst i Bømlo.

Ombord hjå oss får elevane innsikt i nye emne og aktivitetar gjennom dei daglege rutinane ombord, den kulturen me representerer, dei hamnene me vitjar og det fellesskapet som er ombord. Me ynskjer å gje elevane opplevingar av eigenmeistering, natur, kultur og ikkje minst samhald.

Det unike med leirskuleopphald ombord på Mathilde, er at klassen heile tida er samla på eit avgrensa område. Me et og søv på banjeren, eit stort fellesrom som før var lasterommet. Her ligg alle, både gutar, jenter og lærarar i hengekøyer eller på benkar i medbrakt sovepose. Ikkje minst vert det synleggjort at alle må samarbeida skal me koma oss vel i hamn. Desse verdifulle erfaringane gjer at me opplever elevane som ei meir samansveisa gruppe når dei mønstrar av hjå oss.

Me er mange ombord til å rettleia elevane: skipper, bestmann, kokk, jungmann og leirskulelærer i tillegg til kontaktlæraren. Dette gjer at me får eit nært forhold til kvar einskild og kan instruera dei i små grupper. Eller me kan ta oss av elevar som ynskjer å læra ekstra mykje eller har særskilte behov.

Tryggleiken til alle står i sentrum hjå oss. Elevane går gjennom tryggingsreglane før dei kjem ombord. Me repeterer dei ofte, og går gjennom rutinar ombord før me går frå kai. Mathilde er godkjend av Skipskontrollen for 30 personar på overnattingsturar. Me har jamnlege tryggleiksøvingar og kontroll av utstyr. Heile mannskapet har sikkerheitskurs for sjøfarande. I tillegg er me godkjende og anbefalte av Norsk Leirskuleforening som mellom anna set krav til tryggleik før dei gjev godkjenning.

Me ber om at klassen set seg inn i kva leirskuleopphaldet representerer, og då særskilt ordens- og tryggingsreglane og det som står om utstyr. I tillegg hadde det vore fint om klassen arbeidde litt i forkant med emne rundt leirskuleopphaldet og gjerne også litt i etterkant. Kom gjerne med ynskje om det er emne de vil me skal leggja inn i opphaldet.

Sjå gjerne på vår heimeside www.fartoyvern.no der du kan finna orienteringssheftet, bilder og meir informasjon.

Med helsing
Hardanger Maritime Leirskule – S/J Mathilde

2. GENERELL INFORMASJON, ØKONOMI OG REISE

2.1. SESONG FOR LEIRSKULEN:

Leirskulesesongen vår er til vanleg i april/ mai/ juni om våren og august/september om hausten.

2.2. ANKOMST- OG AVGANGSHAMN OG LENGD PÅ TOKTA:

Mathilde har landbasen sin ved Hardanger fartøyvernsenter i Norheimsund i Kvam herad, Hordaland. Turane går i hovudsak ut frå og inn til Norheimsund. Nokre tokt går frå Norheimsund til Bergen eller omvendt, alt etter avtale.

Leirskuletokta varer som oftast frå måndag til fredag. Me prøver å starta og avslutta toktet slik at det korresponderer med bussar mot Voss eller Bergen..

Vanlig ankomst på måndag er mellom kl 10 og 13. Det same gjeld for avreise på fredag.

2.3. PRIS OG BETALING:

Opphaldsprisen for leirskuletur er kr. 1.800 pr. elev. (pr. 2010)

I tillegg kjem kommunal refusjonsgaranti som mellom anna skal dekkja løn til leirskulelærar og instruktørar, pr. 2009 kr. 12622,50 pr. veke. (Skjema vert tilsendt ved tinging av leirskuletokt.) **For klassar som allereie har hatt eitt leirskuleopphald og dermed nytta refusjonsgarantien, gjeld andre prisar.** Det same gjeld skuleklassar utanom ordinær grunnskule.

Ein lærar følger klassen gratis. Er det fleire vaksne med, betaler desse elevpris.

Opphaldet skal betalast samla for heile klassen til kontonr: 3530 05 03096. Faktura vert tilsendt.

2.4. DEPOSITUM:

For at leirskulen ikkje skal få økonomisk tap på grunn av avbestilling, lyt me krevja eit depositum pr. deltakar. Dette har me sett til kr.150,- pr elev (i samsvar med vedtak i Norsk Leirskuleforening).

Depositumet skal betalast samla inn etter bestilling og mottak av stadfesting. Faktura vert tilsendt.

Depositumet vert betalt attende dersom eleven vert sjuk eller flyttar.

2.5. FORSIKRING:

Skulane skal ha forsikring som dekkjer leirskuleopphald. Undersøk dette med rektor. Mathilde har elles P&I-forsikring for passasjerar.

For reisa til og frå leirskulen må det kanskje teiknast eiga reiseforsikring. Sjekk med heimkommunen om dette.

2.6. REISE:

Klassen må sjølv ordna transport og dekkja reisekostnadane til og frå leirskulen. Til og frå Norheimsund går det rutebuss (Skyss- Hardangerlinje) til/ frå Bergen og Voss. Frå Voss kan ein koma t.d. til Oslo med tog. Elles korresponderer vår lokale buss med Norway bussekspress til Oslo, Kristiansand og Haugesund.

Gje alltid melding til ruteselskapet at de kjem, slik at det er plass til dykk.

2.7. RUTETELEFONAR:

Rutetelefonen for Hordaland:	177 eller 55 55 90 70
NSB kundeservice/www.nsb.no	815 00 888
Lokal buss: skyss administrasjon	55 23 95 50
Norway bussekspress/ www.nor-way.no	815 44 444

2.8. FUNKSJONSHEMMA, ALLERGIKARAR M.M.:

Elevar med funksjonshemming eller sjukdomar kan godt delta på leirskuletukt hjå oss. Astmatikarar kan plasserast på banjeren der lufttilgongen er best og matallergikarar kan få alternativ kost m.v.

Revmatikarar har høve til å nytta dusjen til å få varmen i seg om det skulle vera situasjonar som tilseier det.

Det tette miljøet gjer at me kan skreddarsy løysingar for handikappa. Dette gjer at dei fleste kan få utbyte av å vera på tokt med oss, men det vert likevel ei vurderingssak for elev, føresette og klasselærer om eleven kan delta på leirskuleopphaldet. Samråd dykk gjerne med oss og gje alltid melding i god tid om det er noko me særskilt skal ta omsyn til.

2.9 MOBILTELEFON, IPOD/ MP3 OG LIKNANDE

Kulturen som har vakse fram med stadig bruk av mobiltelefon, meiner me er lite foreinleg med det me freistar å formidla. Det same gjeld Ipod/ MP3 o.l. Me opplever at bruk av slikt utstyr gjer det vanskeleg for elevane å finna ro og harmoni i det å vera på tur. Aktivitetar som å lesa, spela spel og det å utforska stader me kjem til, kjem då meir i bakleksa.

Det er ynskjeleg at skulen/ læraren har med mobiltelefon som kan vera til disposisjon for elevane i særskilde høve. (Elevar med særskilde behov må sjølv sagt kunna ha eigne ordningar). Elles er det mogleg å nytta båten sin telefon om det skulle vera naudsynt. Mathilde telefon: 99 09 79 78

3. PLANLEGGING AV OPPHALDET

3.1. FØREBUING FOR LÆRAREN:

Kall inn til foreldremøte. Gjer greie for leirskuleplanane. Orienter kort om opplegget. Gå gjennom **utstyslista**. Klede og utstyr må vera **merkte** med namn.

Diskuter lomme pengar på foreldremøte. Det er lurt at de kjem fram til ein felles sum. Vårt råd er at denne ikkje overstig kr. 30,- pr. dag. Om elevane ynskjer minne (t.d. T-skjorte, krus, caps) frå leirskulen, er det lurt å setja av pengar til dette (kr. 100,- per stk).

Søk kommunal stønad til opphaldet. Ver merksam på tidsfristane for eventuelle kommunale tilskot.

Gå gjennom orienteringsheftet med elevane. Det er sær s viktig at **reglane** vert grundig gjennomarbeidde og at elevane får klart for seg kva **emne** dei skal arbeida med på leirskulen.

Set gjerne i gong sparetiltak i klassen.

Vel emne å arbeida med i forkant og etterkant av leirskuleopphaldet. Få dette inn i årsplanane. Idear til før- og etterarbeid finner du i vedlegget.

Set elevane i gang med å planleggja innslag til hyggjekveld.

Hent inn opplysningar om skader og sjukdomar (t.d. allergi) hjå elevane. Høyr også med føresette om fotografi frå leirskuleveka kan leggest ut på leirskulen si heimeside. Om naudsynt, **send melding** til leirskulen (på namnelista eller på eige ark).

Betal inn **depositum** innan fristen (jfr. faktura).

Seinast to veker **før** opphaldet: send inn fullstendig **klasseliste** påført namn, etternamn, adresse og telefonnr. til elevane og vaksenpersonane. Oppgje namn på kontaktperson ved skulen. Nytt gjerne skjemaet bak i orienteringsheftet. Meld frå om evt. endringar når de kjem.

Hent inn **skriftleg løyve** frå dei føresette om bading.

Det er lurt å ha ei lita klassekasse om de ynskjer å vitja museum eller liknande.

3.2. KONTAKTLÆRAREN SINE OPPGÅVER UNDER OPPHALDET:

Mannskapet og kontaktlæreren samarbeider og støttar kvarandre i alle oppgåver om bord.

Syt for at elevane møter til rett tid til arbeidsoppgåver, måltid og undervisning.

I samråd med leirskulelæreren ta del i det pedagogiske opplegget. Leirskulelærer og mannskapet leiar til vanleg all undervisning på dagtid. Klasselæreren vurderer sjølv i kva grad han/ ho vil involvera seg og kva rolle han/ ho vil ta.

Hjelpa til å halda orden og delta i nokre daglige gjeremål.

Rettleia gruppene i å gjennomføra intervju med lokale personar og i hamnerapportskriving (dagleg etter frukost).

Medverka til at leirskulen sitt ordensreglement vert halde.

Leia ei samlingsstund med elevane kvar kveld der ein oppsummerer dagen, dei skriv dagbok og får ris og ros av den av mannskapet som har vakt.

Ta avgjerd i disiplinsaker som vedkjem klassen. Ved grove brot som vedkjem leirskulefellesskapet, tek leirskulelærer, skipper og kontaktlærer avgjerd saman.

Lærarar som er med klassen, har klassestyransvaret så lenge opphaldet varer.

Ha tilsyn med og ansvar for elevane ved evt. bading. Hugs skriftleg melding frå dei føresette. (Etter avtale kan mannskapet ha tilsyn saman med kontaktlæreren.)

Ha tilsyn frå me kjem i hamn på ettermiddagen og om natta.

3.3. UTSTYRSLISTE:

NB! Set namn på alt utstyret ditt.

På sjøen kan det vera kaldt sjølv om det er sol og fint ver, så det er viktig å ha med seg dei rette kleda.

Hugs at alt utstyret ditt skal ned i ei halv skipskiste med måla 40 x 35 x 35 cm.

Sovepose, regntøy og støvlar har me ikkje i kistene, men plasserer det ein annan stad der det er lett å få tak i. Ha dette gjerne i eigen tøypose e.l. som kan snørast att.

Ting som gjer at lokket på kista di ikkje går att, må du ha i baggen din. Denne vert stua vekk, slik at du ikkje har tilgang til han heile tida.

Me skal vere mykje ute, så utstyret må vera litt røft, tåla ein sjøsprøyt og ein flekk tjøre eller to.

Ta med:

Sovepose
God regnjakke og bukse
Gummistøvlar
Joggesko eller fritidssko
Varm fritidsjakke/ vindjakke
Varm ullgenser
Stillongs
Vottar/ hanskar
Lue
Skjerf
2 par raggsokkar
3 par sokkar
2 skjorter eller collegegenserar
2 par dongeribukser eller liknande
2-3 T-skjorter
Undertøy for perioden
Toalettsaker
1-2 handdukar
Shorts og solkrem
Badetøy (om du har lov)
Fotoapparat og kikkert om du har
Skrivesaker (gjerne eigne loggbøker)
Lita drikkeflaske
Vaskeklut/ våtserviettar
Øyrepappar

Anbefaling til lærar:

Våtserviettar
Lommelykt/ hovudlykt
Øyrepappar

Sjøsjukeablettar er ikkje naudsynt å ta med, då me har det ombord om det trengs.
Brukar du briller, så fest dei i ei snor, slik at du ikkje mistar dei.

Pakk alt saman i ein skipsekk eller bag. Dersom du nyttar ryggsekk, bør den ikkje ha meis, då den er vanskeleg å stua vekk. Ein liten tursekk er **IKKJE** nødvendig.

Redningsvest har me ikkje på oss i ein så stor båt som Mathilde, men når du skal i hekksbåten har me seglarvestar til låns.

Eigne fiskestengar kan takast med, men pga plassmangel og sikkerheit ynskjer me at de har med **maks 3 stk** (som elevane kan dela på). Det finst elles høveleg fiskeutstyr om bord på Mathilde.

3.4. OM REGLANE VÅRE:

Me skal bu mange i lag ei lang stund. Plassen er liten i forhold til det me er vane med. Me er alle ulike og har ikkje same ynskje og vanar, difor har me kome fram til ordensreglar som flest mogleg kan vera tente med. Desse reglane gjeld alle og under heile opphaldet.

For mange representerer Mathilde eit nytt og heilt uvant miljø. Tryggingsreglar er då naudsynte for at me skal kunna opphalda oss og ferdast trygt både ombord i skuta og på land.

Tryggingsreglane skal gjera oss trygge og fri. Reglane er tufta på nøye drøfting og gjennomgang av tryggleiken til elevane og oss alle.

Det er elles viktig at alle samarbeider og hjelper kvarandre for at opphaldet skal gje trivsel, læring og gode opplevingar for alle.

Set dykk grundig inn i desse reglane i god tid før leirskuletoktet. Diskuter dei og finn ut kva dei inneber. Då trur me at reglane kan verta den rettesnora me treng for at alle skal få eit hyggeleg og lærerikt tokt.

3.5. ORDENSREGLAR:

1. Far varsamt fram så du ikkje skadar deg sjølv eller andre eller øydelegg inventar og utstyr.
2. På Mathilde hjelper alle til med å halda orden.
Kvar elev legg sakene sine i skipskista, når dei ikkje er i bruk.
3. Me gjer alle vårt til at leirskuletoktet skal verta triveleg, alle er hjelpsame og møter presis til undervisning og andre arbeidsoppgåver.
4. Vis respekt for det som er andre sitt. La andre sine båtar og eigedomar vera i fred. Plag ikkje naboar med skrik og skrål.
5. Ingen går i land utan løyve frå vakthavande i mannskapet.
6. Bruk av båt i fritida skal avtalast med vakthavande i mannskapet. Flytevest skal alltid nyttast når du er i småbåt.
7. iPod/ MP3 el.l. og eigen mobiltelefon er forbode å nytta ombord. Dette er mellom anna av tryggingsgrunnar.
8. Frå klokka 22.30 til klokka 07.30 skal det vera ro ombord. Hugs at mannskapet bur ombord store delar av året. Me kan ikkje reisa heim for å sova ut, slik de gjer. Difor treng me nattero for at me skal vera opplagd neste dag og neste veke og neste veke og.....
9. Bruk av rusmiddel er forbode. Røyking er ikkje tillete under dekk.
10. All bruk av open eld på land må avtalast på førehand.

Brot på desse reglane vert tekne opp med elevane, kontaktlærar og med dei føresette om brota er alvorlege. Fleire og gjentekne brot kan føra til heimsending på eiga rekning.

3.6. TRYGGINGSREGLAR:

3.6.1. På dekk:

- Ein kan ikkje sitja eller klatra på rekka, fordi det då er lett å detta på sjøen.
- Roping og høglytt skråll høyrer ikkje heime hjå oss, då det kan føra til at viktige beskjedar ikkje vert høyrde.
- Springing og leikeslossing er ikkje lov, då det lett kan føra til skader.
- Når ein legg til kai, skal alle vera på motsett side av der fortøyinga skal gå. Alle skal vera rolege, slik at mannskapet høyrer kvarandre.

3.6.2. I riggen:

- Det er ikkje lov å klatra i riggen eller ut på baugspydet når me går for motor.
- Alle som skal opp i riggen, må greia dette på eiga hand. Det er kun munnleg rettleiing som er tillete som hjelp til andre.
- Spør alltid ein av mannskapet om lov til å klatra opp i riggen eller ut på baugspydet.
- Dersom me ligg ved kai, skal ein alltid klatra opp i riggen på **sjøsida**.
- Det er viktig alltid å halda seg fast med ei hand. "Ei hand til skipet og ei til seg sjølv."
- Ingen går høgare enn det dei sjølv meiner dei tør. Ingen pressar andre til å klatra i riggen eller til å klatra høgare.
- Det er ikkje lov å leika "apekatt" når du klatrar i riggen.

3.6.3. På land:

- Det er berre lov å gå i land etter at du har fått løyve, slik at me veit kven som er om bord.
- Gå aldri åleine, for om det hender noko eller de går dykk vill, er det tryggare å vera fleire.
- Det er ikkje lov å gå på privat eigedom.
- Lukk att grunder etter deg.
- Skrik og skråll høyrer ikkje heime i hamnene. Hugs at me er gjester.
- Følg dei retningslinene som vert gjevne av lærar eller mannskapet.

3.6.4. I hekksbåten:

- Nytt aldri hekksbåten utan løyve.
- Ro aldri lenger vekk enn at de vert sett frå Mathilde.
- Alle skal ha minimum seglarvest på seg før dei går om bord og under heile turen. Vesten er ikkje på før alle snorer er knytte att.
- Ein og ein går om bord/ut av båten om gongen.
- Sit roleg i båten.
- Skrik og skråll har ikkje noko i hekksbåten å gjera. Hugs at lyd ber langt på sjøen.

3.6.4. Ved bading:

- Læraren skal ha skriftleg samtykke frå føresette før utandørs bading kan skje og det er kontaktlæraren som er ansvarleg.
- Bad aldri utan løyve. Det er forbode å bada utan tilsyn av vaksen person.
- Stup aldri frå stader der du ikkje veit kor djupt det er.
- Hald auge med kvarandre når de badar.

4. Leirskuleveka

4.1. DAGSRUTINAR OM BORD:

07.30	Utpurr, morgonstell, pakking av hengekøyer og rydding
08.30	Frukost
09.00 - 1000	Gruppeoppgåver
ca. 10.00	Samling på dekk. Undervisning m.m. Orientering om dagens seglas og gjeremål før me legg frå kai.
11.00 – 13.00	Gruppeoppgåver, undervisning og segling.
13.00	Lunsj
	Gruppeoppgåver, undervisning og segling held fram.
Ca. 17.00	Me legg til kai. Landgangsprøven vert halden.
18.00 – 19.00	Middag
20.30	Kveldssamling om bord, loggskrivning, ris og ros.
21.30	Køystrekk
22.00	Lyset vert slått av
22.30	Ro om bord

Tidene er sjølvsagt berre rettleiande, for ver og vind er avgjerande for oss som skal segla.

4.2. ARBEIDSGRUPPER FOR LEIRSKULEOPPHALDET:

De vert delt inn i 4 arbeidsgrupper/ vaktlag når de kjem om bord. Kontaktlæraren peikar ut ein gruppeleiar på kvar gruppe. Desse gruppene fungerer under heile toktet. Kvar dag er det nye oppgåver for gruppa, slik at alle skal få vera med på alt.

Dekksvakt vil seia å styra båten, vera utkikk, ha kartvakt og brann- og ryddevakt. Opplysningar om kva vakt du skal ha og kva tid, vert hengt opp på innsida av maskinromsdøra.

Dekksvakta skal og vera med å segla, kveila opp fortøyingsstauet når me går frå kai og hjelpe til med andre gjeremål på dekk.

Matgruppa skal til dels hjelpe kokken med å laga mat, dekkja på og ta av bordet, ta oppvasken og tørka av borda både før og etter måltida.

Reingjeringsgruppa skal etter frukost feia og vaska dørken, tørka støv, vaska skipskistene, vaska do og skrubba dekk.

Dersom det trengs, skal dørken feiast og vaskast før kveldssamlinga.
Setje garn etter middag.

Garngruppa skal vera med å dra garn etter frukost. Det er same gruppe som har sett garnet dagen før. Garnet skal greiast og fisken skal vegast, målast, sløyast, fileterast eller flekkjast og saltast. Kanskje det fins noko spennande i magesekken...

4.3. FRITIDA/ KIOSK/ TELEFON:

Kvar ettermiddag legg me til i ulike hamner. Her er det ofte ulike gjeremål og sjølvsagt mogleg å gjera seg kjend på staden. Ein kan spela fotball eller volleyball, bada, ro, fiska og setje teiner eller spela spel m.m. Fotball fins det om bord.

I løpet av toktet kjem me innom stader med butikk/ kiosk.

I utgangspunkt ønskjer me ikkje at elevane ringer heim eller omvendt. Me anbefaler at mobiltelefonane blir enten liggande heime eller samla in av kontaktlæraren før toktet.

Dersom det er ynskje om det kan elevane ringe heim for eksempel onsdag kveld. Me ber om at læraren kan være kontaktpersonen for føresette viss det er behov.

Elevar med særskilte behov kan få egne avtaler.

Men husk: **”Ikkje noko kontakt tyder på at barnet har det bra!”**

Er det sær viktig, er Mathilde sitt mobilnr: 99 09 79 78.

Skal nokon gje beskjed, kan dei gjera det til kontoret ved HFS tlf: 56 55 33 50.

4.4. DUSJMOGLEGHEIT:

Me kan dessverre ikkje la elevane (eller andre) dusja om bord. Til det har me for lite vatn med oss. I enkelte av hamnene er det dusjmoglegheiter, slik at det er høve til å ta ein dusj i løpet av toktet. Dusjing i land kostar til vanleg ca. 20 kroner.

4.5. HYGGEKVELD:

Siste kvelden på toktet hyggjer me oss ekstra i lag. Kokken serverer ei overrasking (evt. om veret og fiskelukka tilseier det, kan me laga bål og grilla fisk) og elevane kan ha litt program. Del klassen inn i grupper som førebur litt å framføra kvar. Konkurransar kan gjerne verta langdryge, medan songar, sketsjar, opplesing, vitsar eller mimikkleikar ofte fungerer bra.

Me har også gitar ombord.

4.6. SALSARTIKLAR OMBORD:

Me har ymse salsartiklar om bord, mellom anna postkort, t-skjorter, krus og caps med motiv av Mathilde til kr. 100,- pr. stk. Det er også mogleg å tinga dette på førehand, eller etter toktet og få det tilsendt.

5. OM UNDERVISNINGSSOPPLEGGET

5.1. MÅL FOR UNDERVISNINGA:

1. Gjennom dei daglege rutinane ombord skal elevane få innblikk i sjømannskap, kystkultur og eit lite historisk innblikk i jaktefarten.
2. Gjennom praktisk arbeid ta del i nye gjeremål, få kunnskap om og dugleik i nokre maritime område.
3. Oppleva samhald, samarbeid og å måtta visa toleranse gjennom å opphalda seg, eta og sova i eit tett og sosialt samfunn.
4. Vita kva sjøvett inneber.
5. Ut i frå dei rammene som Mathilde og hamnene gjev, skal elevane tileigna seg kunnskapar om natur, kultur og samfunnsliv ved sjøen.
Dei skal:
 - a) Få kjennskap til dei vanlegaste fiskesortane, plantene, algane, stranddyra og fuglane ved sjøen.
 - b) Segla med ulike segltypar og læra namn på segl og ulike delar i riggen.
 - c) Nyttar robåt.
 - d) Nyttar ulike fiskereiskapar og læra å sløya fisk.
 - e) Sjå på hamner og gjera seg kjende med viktige funksjonar i ei hamn.
 - f) Intervjua lokalbefolkninga i dei ulike hamnene om staden og dokumentera dette skriftleg.
 - g) Få kjennskap til havet som leveveg før og no.
 - h) Læra seg ein ny og nyttig knute kvar dag
 - i) Registrera trafikk på sjøen
 - j) Få kunnskap om ulike faktorar som påverkar været

5.2. VEKEPROGRAM:

Ombord i ein seglande leirskule er det uråd å setja opp eit fast vekeprogram. Ver og vind avgjer i stor grad val av hamn. Likeeins er det avgjerande for aktivitetar og undervisning, særleg då for rekkefølgja for dei ulike emna.

Kvar dag lærer elevane ein ny knop som er landgangsprøven for dagen. Den må dei kunna for å koma i land.

Vaktlaga eller arbeidsgruppene har sine daglege gjeremål.

Døme på vekeprogram:

Måndag: Ankomst ca kl. 12.
Første måltid kl. 13 (lunsj). Velkomen ombord. Presentasjon av mannskapet. Omvisning på Hardanger fartøyvernssenter. Gjennomgang av tryggingreglar, ordensreglar, vaktlistar og utdeling av nummer. Stuing av bagasje. Ein del tid går med til å verta kjend med skuta og mannskapet. Trening i å klatra i riggen og korleis kveila tau. Me heiser segl. Garnsetjing. Om kvelden lærer ein å hengja opp hengekøyer.

- Tysdag: Gjennomgang av sjøvettreglane. Seglmanøver med forklaring og opplæring. Knopar, spleis og takling. Me øver på "mann over bord". Garnsetjing.
- Onsdag: Besøk på land (tur, museum eller liknande). Seglteori, segling med og mot vinden. Flo, fjøre og straum. Me finn ei fiskegrunne og prøver med handsnøre. Garnsetjing.
- Torsdag: Me set jaktefarten inn i eit kulturhistorisk perspektiv. Segling. Livet i fjøra. Garnsetjing.
- Fredag: Smører niste. Pakking og vasking. Segling
Avreise ca. klokka 12.

5.3. LITT OM DEI ULIKE TEMA/ AKTIVITETANE:

Emnevalet vert delvis avgjort av vertilhøve og val av hamn. Fleire tema vil gå inn i kvarandre, slik at det er uråd å setja opp eit fast vekeprogram.

Dersom klassen har særskilte ynskje om tema, kan ein ta dette opp i god tid, så skal me sjå om me kan innfri dei.

Sjømannskap: Kveiling av tau og opphenging på kofinagl, eller lage seisingstikk.
Fortøyning - for- og aktertrosse, spring og brest.
Orden og reinhald ombord. Vaktlistar og sjøvakter.

Tauarbeid: Dei mest nytta knopa og stikka - båtmannsknop, flaggstikk, pålestikk og dobbelt halvstikk. Dagens knute vert nytta som landgangsprøve.
Enkel spleis - kortspleis.
Makramé. Me lagar apehand, tyrkarmatte eller venskapslenkje.

Segling og manøvrering:

Mathilde har to typar rigg på ei mast. Me lærer om råsegl og gaffelsegl. Teori om segla sine verkemåtar. Setjing av segl i høve til vind. Bauting og kuvending. Segling med og mot vinden. Praktisk segling. Å styra segla med skjøte og å styra båten med rorkult.

Navigasjon: Å verta kjend med kartet og kartteikn. Sjå på kart og terreng. Kva viser kartet. Seglingsleier. Lykter og sjømerke. Nautisk mil og fart. Kompasset. Setja ein kurs.

Fiske/ fangst: Dei ulike fiskemetodane. Nytt garn og pilk og sjå på korleis dei er bygd opp. Ulike garntypar. Korleis garnet står i sjøen. Bøting av garn. Studera fangsten og læra kva delane av fisken heiter. Sløya, filetera, flekka og salta fisken. Konserveringsmåtar. Tilbereda fangsten. Fredingstider.

Livet i fjøra: Kva skuldast flo og fjøre. Flomålet her hjå oss. Ulike strandsoner. Eksponering. Artsbestemma det ein finn. Skriva rapport.

Sjøvett: Kva som fører til ulukker og korleis skal me oppføra oss på sjøen

Historie: Skjørbuk. Disiplin i seglskutetida. Skipskost. Vidareføring og hemmeleghald av kunnskap. Jaktefarten og kva den hadde å seie.

SLUTTKOMMENTARAR:

Me har her freista å gje eit oversyn over leirskuleopplegget. Skulle det likevel vera noko som er uklart, er det berre å ringja.


Me ynskjer at de i god tid før leirskuleopphaldet startar sender oss informasjon om kva **reisemåte de nyttar, kva tid de er framme og ei oppdatert klasseliste**. Lista skal innehalde fullt navn på elevane, navn på føresette og tlf nr.til dei føresette. Lista skal og innehelde navn og tlf nr. til lærar og andre vaksne som skal vere med på toktet. I tillegg til desse opplysningane ynskjer me å få vite om spesiell behov som enkelte elevar kan ha t.d. **skader, sjukdomar, matallergiar**.

Høyr også med føresette om fotografi frå leirskuleveka kan leggst ut på leirskulen si heimeside. Om naudsynt, **send melding** til leirskulen.


VER VELKOMNE !

PLANSJE OVER MATHILDE SITT DEKKSPLAN OG UNDER DEKK.

Under dekk



Dekksplan



IDEAR TIL FØR- OG ETTERARBEID

1. Fotografering og bildepresentasjon

Svært mange elevar har kamera med til leirskulen. Dette blir flittig nytta. Prosjektet legg opp til å nytta bildematerialet på skulen.

Utstyr: Fotoapparat, bildebehandlingsprogram

Forarbeid: Det vil vera ein fordel å gjennomgå

- dei vanlege ”reglane” ved fotografering
- copyright
- bilde og etikk

Gjennomføring: Elevane jobbar med bilda på skulen.

Døme på arbeidsoppgåver:

- Laga eit tematisk multemediashow (døme på tema: ”Eit leirskuletokt med Mathilde”, ”Stemmingar frå havet”, ”I riggen”, ”Fiske og fangst”)
- Enkel bildebehandling/ manipulering
 - Skanne papirbilde
 - Roter, kutta, forskyva
 - Laga kollage
 - Leggja til bakgrunn
 - Endra fargar
 - Leggja på tekst, dikt, musikk
- Journalistiske bilde til skuleavisa

Som avslutning av prosjektet kan ein vurdere:

- Laga ei utstilling eller ein Power-Point presentasjon.
- Presentasjon av arbeidet på eit foreldremøte, eller for ein klasse som seinare skal på leirskulen.
- Å laga eit webalbum

2. Fotokonkurrans

Alle elevane kan ta med seg eit eingongskamera på leirskuletoktet. Slik har alle det same utgangspunktet. Det kan kjøpast inn av skulen, klassekassa eller foreldra.

Etter framkalling skal kvar elev velja dei 3 beste av bilda sine som dei tar med på skulen. Dei kan laga ei utstilling av alle bilda, eller velja t.d. dei 5 beste. Samarbeid med kunst-/ handverkslæraren kan vera en ide.

Skuleavisa/ lokalavisa kan bli utfordra til å trykka bilder i lag med ein artikkel om opphaldet?

3. Økosystem, heime og på Hardanger Maritime Leirskule

Dette er eit forslag til gruppeoppgåve som strekker seg frå før, under og etter leirskuleoppaldet.

Mål: Gjennom feltobservasjon og kartlegging bli kjent med samspelet i ulike økosystem, eit utval artar og korleis dei tilpasser seg miljøet. Me nyttar digitale hjelpemiddel ved feltarbeid og rapportering.

Stad: 1. Hardanger Maritime Leirskule
2. Nærmiljøet rundt skulen

Eksempel: Livet i fjøra, saltvatn, innsjø/ ferskvatn, myr

Førebuing:

Før leirskuleopphaldet gjennomgå omgrep som økosystem, næringskjede (livet i fjøra, saltvatn), artane si tilpassing i økosystemet.

Læreplanreferanse:

Kompetansemål etter 10. årstrinn (kunnskapsløftet)

Naturfag

- Gjera greie for kva biotiske og abiotiske faktorar som inngår i eit økosystem og forklara samanhengen mellom faktorane (mangfald i naturen)
- Observera og gje eksempel på korleis menneskelege aktivitetar har påverka eit naturområde, identifisera ulike interessegrupper sine syn og foreslå tiltak som kan verna naturen for framtidige generasjonar (mangfald i naturen)
- Skriva logg ved forsøk og feltarbeid og presentera rapportar ved bruk av digitale media (forskarspiren)

Samfunnsfag

- Beskriva og forklara natur- og kulturlandskapet i lokalsamfunnet

Kompetansemål etter 7. årstrinn (kunnskapsløftet)

Naturfag

- Planlegga og gjennomføra undersøkingar i nokre naturområde i samarbeid med andre (mangfald i naturen)
- Publisera resultat frå eigne undersøkingar ved å bruka digitale verktøy (forskarspiren)
- Bruka digitale hjelpemiddel og naturfagleg utstyr ved eksperimentelt arbeid og feltarbeid (forskarspiren)

Forslag til rapport:

Tittelside, gjerne med eit bilde som illustrasjon

Forord

- Kven har skrive rapporten
 - Kva fag?
 - Eventuelt takk til dei som har hjelpt til
1. Teori
Gje ei kort innføring i viktige omgrep nytta i rapporten som t.d. økosystem, næringskjede, produsent, forbrukar, nedbrytar, abiotisk faktor, etc.
Bruk gjerne bilde som illustrasjonar.
 2. Metode
Gje ein kort omtale av korleis de har jobba og korleis de har samla data.
 3. Resultat
Kva økosystem opplevde du på Hardanger Maritime Leirskule? Kva økosystem fann du rundt skulen? Kart, illustrasjonar

4. Diskusjon
Kva er likt og kva er ulikt? Kvifor? Kva er typiske artar i dei ulike økosystema? Gje døme på ulike næringskjedar i dei ulike økosystema. Korleis er dei ulike økosystema påverka av menneske?
5. Konklusjon/ samandrag
Skriv kort kva du har funne ut.

4. Loggskriving til skrivekonkurrans og til lokalavis/ skuleavis

Kvar kveld på vår leirskule brukar elevane ca. 20 min. til å få ned på arket kva dei har opplevd. Alt etter korleis læraren styrer denne prosessen kan dette ha preg av ei personleg dagbok eller meir som ei reiseskildring som kan offentleggjerast i lokal- eller skuleavis. Dette bør avtalast på førehand.

Eksempelvis kan læraren etter opphaldet samla inn alle loggane/ tekstane og velja ut ein tekst for kvar dag som tilhøyrrer ulike elevar. Desse 5 tekstane med bilde kan så sendast inn til avisa som ei forteljing om leirskuleopphaldet på Mathilde.